



Sandra Michelsen i rolla som Dina (f.v.) og Elise Vikre i rolla som Skammaren. I dag er det premiere i aulaen på HSH. Alle foto: MARIUS KNUTSEN

Inspirert av den danske fantasy-forfattere

Studentane ved Høgskolen Stord/Haugesund (HSH) har laga sin eigen opera, basert på Lene Kaaberbøl sin dramatiske fantasy-historie om skammaren Dina.

- [Anita Hauglandanita@sunnhordland.no](mailto:Anita.Hauglandanita@sunnhordland.no)

Publisert 05.11.2014 kl. 07.30. Oppdatert 06.11.2014 kl. 07.10.

A-A+

– Ein skammar er ein person som kan sjå skamma til folk ved å sjå ein person inn i augo. Skammaren blir brukt når det skal avgjerast om ein person er skuldig i eit lovbrøt. I stykket har Dina akkurat oppdaga at ho har arva skammar-eigenskapen frå mor si, fortel operasjef Markus Oliver Kydland.



Markus Oliver Kydland står fram som ein svært skummel operasjef.

Førebuingar

Den siste veka har vore hektisk for studentane som er med i operaen, om lag 30 til saman. I går var inga unntak. Då var det gjennomgang av stykket frå a til å.

Stykket startar med at Nico er skulda for drap. Etter kvart blir skammaren kalla inn for å sjå om han er skuldig eller ikkje, seier Kydland.

Handlinga er henta frå Lene Kaaberbøl si bok, Skammarens dotter, og er ei av fire i serien om skammarane. Som dei fleste fantasy-forteljingar, går handlinga føre seg i eit mellomaldersamfunn.

– Den første songen som Dina syng, handlar om korleis det er å vera ein person som ingen vil sjå i augo, forklarar Kydland.



Margit Flatebø (f.v.) og operasjef Markus Oliver Kydland har mykje dei skal gjennom, dagen før premieren.

Eigen vri

Sjølv om historia allereie er spikra av den danske forfattere, så har studentane hatt mykje arbeid med å skriva eigne tekstar til songane dei framfører i stykket.

– Me har laga alle melodiar og tekstar sjølv. I tillegg har me laga alt av scenografi og kostyme, seier Kydland.

På scenen er det blant anna sett opp eit steingjerde og treport.

– Dette er laga av isopor, tøy og måling, forklarar operasjefen.

Samarbeid på tvers

Studentane, som er ei blanding av studentar frå årseining i musikk, faglærerutdanning i musikk og årseining i kunst og handverk, har brukt til saman fem veker på prosjektet.

– Først las me boka, og plukka deretter ut viktige karakterar og scener frå denne. Deretter brukte me tre veker på å skriva, laga kostyme, kulissar og musikk. Den siste veka har me brukt på øving, seier Kydland.

I dag er det premiere i aulaen på HSH, og deretter skal framsyninga visast fram for skuleklassar ved Rommetveit skule og andre studentar og tilsette ved HSH.